



Robust landbruk

Da eit utval med økonomiprofessor Håvard Alstadheim frå Stjørdal som leiar vart oppnemnt for å greie ut ein ny landbrukspolitikk 5. november 1987, hadde verda nettopp sett det største internasjonale børskrakket sidan 1929.¹⁴ Totalindeksen på Oslo børs fall frå 442 poeng i september til 241 poeng i desember 1987. Egedomsprisane fall sterkt, og Noregs Bank måtte gi opp den 40 år gamle lågrenepolitikken for å forsvare kronkursen. Den norske krona vart svekt alt varen 1986 da landet opplevde sterkt fall i oljeprisane. Men enda utlansrenta til bankane steig til 17 prosent i gjennomsnitt i 1988, gjekk fleire av dei med store tap.¹⁵ På denne bakgrunnen gjorde regjeringa til Gro Harlem Brundtland store innstramningar i statsbudsjettet for 1988, noe som raskt førte til stigande arbeidsløyse og gjeldskrise for mange, også for mange bønder. Den generelle krisen i norsk økonomi kulminerte med bankkrisen i 1991-92.

I mandatet for Alstadheimutvalet vart det lagt vekt på at ein ny landbrukspolitikk skulle vera «forenlig med å møte de økonomiske utfordringer som landet som helhet står ovenfor». I klartekst innebar dette at landbruket skulle tilpasse seg nye internasjonale rammevilkår som var i feid med å bli forhandla fram, og samtidig ta sin del av dei komande innstramningane i dei statlege overføringane. Arbeidet i utvalet var langt meir konfliktskyt enn det som hadde vore tilfellet ved tidlegare utgreiingar om landbrukspolitikken. Konfliktrane gjekk mest på kor raske omstillingar som måtte til. I den fleirtalsgrupperinga som danna seg heilt på slutten av arbeidet, var representantane for Bondelaget og Skogteierforbundet med, mens Per Olaf Lundteigen og fem av kvinnene i utvalet dissenterte. Desse seks gjekk inn for å halde oppe den sterke politiske styringa av jordbruksproduksjonen og gjekk imot dei sentrale punktet om marknadstilpassing. Elles var det brei semje i utvalet om å dempe overproduksjonen og stimulere til meir miljøvenleg produksjon. Ei enda sterkare satsing på tiltak til bygdeutvikling utanom primærlandbruket vart også framheva.¹⁶

Innstillinga frå Alstadheimutvalet tente til å legitimere ei utvikling det alt var fleirtal for på Stortinget. Da Stortingsproposisjon nr. 8 (1992-93) vart lagd fram hausten 1992, representerte den ein ny tankegang samanlikna med Stortingsmelding nr.14 frå 1976. Mens Stortingsmelding nr.14 hadde hatt fokus på inntekt og jansstilling, var det no fokus på omstilling og bøndene som sjølvstendige næringsdrivande. Det nye inntektsmålet, som regjeringa fekk tilslutning til frå DNA, H og Frp i Stortinget, vart formulert meir generelt og utfordrande: «Regjeringen vil legge til rette for at landbruksbefolkninga kan oppnå inntekter og levekår på linje med den øvrige befolkning.»¹⁷ Landbrukspolitikken skulle no legge rammevilkår for privat næringsdrift, så var det opp til bøndene å realisere inn-



«Those were the days ...». Statsminister Gro Harlem Brundtland i lattersnilla passiar med fiskeriminister Jan Henry T. Olsen og landbruksminister Gunnild Øyangen før kueldeemøtet i Stortinget med debatt om forhandlingsresultatet med EU 26. april 1994.

tekten. Rett nok fekk dette prinsippet ikkje fullt praktisk gjennomslag i jordbruksoppgjera. Framleis var det utover på 1990-talet omsyna til inntekt som i stor grad styrte jordbruksforhandlingane, men med ei langt veikare kopling til inntekta for andre grupper. Da Arbeidarpartiet og dei to høgerepartia på Stortinget stilte seg bak Stortingsproposisjon nr. 8, hadde landbruksministeren fått klarsignal for raske omstillingar. Frå 1990 til 1996 var realnedgangen i næringsoverføringane til landbruket på 10 prosent for året i gjennomsnitt.¹⁸ Til ein viss grad ramma nedskjeriingane næringa mindre enn dei elles ville ha gjort på grunn av renteutviklinga.¹⁹ Serleg i perioden 1992-94, da utlansrentene gjekk ned frå 12-14 til 7-8 prosent, kunne staten fjerne store beløp frå jordbruksoppgjeret utan at det slo så sterkt ut i reduserte inntekter for bøndene.

Denne snuoperasjonen for landbrukspolitikken var ein del av den generelle marknadsoverføringa av næringspolitikken som Harlem Brundtlands tredje regjering gjennomførte. Dessutan var Noreg midt inne i tollforhandlingane i GATT. Dersom landet ønskte å vera med på ein avtale der jordbruk var inne, meinte regjeringa at Noreg ikkje kunne legge inn ein

kostnadsauke ved jordbruksoppjøgja. Eit utval under leiing av tidlegare finansminister Per Kleppe hadde lagt fram ei innstilling i mars 1993 om reduksjon i statleg næringsstøtte. Fleirtalet i utvalet foreslo mellom anna å redusere budsjettgiftingene over jordbruksavtalen for 1994 med 965 millionar kroner. Samtidig foreslo Kleppeutvalet å avvikle forbrukarsubsidiane, som da var på 1160 millionar kroner årleg.²⁰ Forbrukarsubsidiane på mjølk vart avvikla frå 1. juli 1993, men etter budsjettforlik mellom Ap og Sp vart det samtidig innført moms kompensasjon på kjøtt og mjølk, som varte fram til 1. juli 1996.

Det største problemet med denne landbrukspolitiske snuoperasjonen var at han vart gjennomført i sterk konflikt med næringsutøvarane. Daverande fylkesmann i Akershus, Trygve Lie, hadde i ein helsingstale til styret i Norges Bondelag på slutten av 1950-talet sagt: «Det er utåd å regjere landet mot arbeiderne, og det er uhyre vanskelig å regjere det mot bønderne.»²¹ I ein periode frå slutten av 1980-talet og fram til midt på 1990-talet var det nettopp konfrontasjonen med bønderne regjeringa Harlem Brundland søkte – ikkje for å få konfrontasjon, men for å nå politiske mål og løysingar med GATT og EU, som bønderne og bondeorganisasjonane var sterkt imot. I ettertid hevdar mange observatørar at den nye landbrukspolitikken kunne ha vore gjennomført med mykje mindre bråk og støy.²²

«Eg er stå,»²³ skal Gunhild Øyangen ha sagt da ho tok over som statsråd, og dette vart både hennar beste og verste eigenskap. Arbeidarpartiet hadde behov for ein minister utan for sterk landbruksilknytning til å kjøre eit tøft løp overfor organisasjonane og til å taunkjøre eit byråkrati som identifiserte seg med den gamle politikken. I den andre statsrådsperioden sin henta Øyangen inn ein politisk rådgjvar utan landbruksilknytning. Presserådgjvar vart engasjert, og det kom negative oppslag på norsk fjernsyn om prisforskjellane på mat mellom Noreg og Sverige midt under jordbruksforhandlingane. Med ei slik konfliktorientert samansetting av staben, kom den politiske leiinga i Landbruksdepartementet til å lukke seg meir og meir inne. Statssekretær Ottar Befring avløyste Ris-holm i mars 1992. Befring tok mange av dei politiske kampane med bønderne. Gunhild Øyangen vart etter kvart ein effektiv statsråd som fekk sakene sine igjennom i regjering og Storting. Det største problemet hennar var mangelen på kommunikasjon med næringa, ikkje det at politikken hennar vanta innhald. Etterfølgjaren Dag Terje Andersen kunne lett profitere på dette, da han gjennomførte omtrent same politikken, men med ein fundamentalt forskjellig stil.

Med Stortingsproposisjon nr. 8, *Landbruk i utvikling*, vart det sett endeleg sluttstrek for jamstillingsvedtaket frå 1975. Næringa skulle omstillast og bli meir robust ved å tilpasse seg marknaden, og det skulle opnast

for meir konkurranse frå utlandet. Dermed var ein epoke med planøkonomisk styringsviser og landbruksvenleg opptapping over. Men staten var framleis ein viktig aktør i norsk landbruk, og nye reguleringar kom, ikkje minst internasjonal.

Politiske konfrontasjonar og institusjonelle reformer

Frå 1991 og utover var det stadige konfrontasjonar mellom staten og landbruksorganisasjonane i samband med jordbruksoppjøgja. Gunhild Øyangen pressa igjennom kraftige reduksjonar i kornøkonomien. Reduksjonen i kornprisen på 52 øre i 1991 vart opplevd som drastiske kutt, sjølv om noe vart gitt tilbake som arealtilskott. Utover landet var det demonstrasjonar og protestmøte. Også i distrikta og i Nord-Noreg var det reaksjonar mot reduksjonane i kornprisane. Men kanaliseringspolitikken hadde vart så lenge at det ikkje var stor grunn til å frykte at husdyrholdet skulle vende tilbake der det var nedlagt på flatbygdene. Dessutan var det sympati i delar av næringa for å redusere prisane til dei distrikta og produksjonane som hadde dei beste inntektene. Ei samanlikning av lønnsenda for ulike bruk midt på 1980-talet viste at bruk med komproduksjonen i sentrale strøk hadde om lag dobbelt så store inntekter pr. årsverk som bruk med husdyrhold i distrikta.²⁴

I sin andre periode som statsråd la Øyangen inn enda meir politisk trykk på omstilling.²⁵ Under jordbruksoppjøgjet i 1991 hadde Bondelaget forhandla fram og skrivt under ein avtale, som mellom anna innebar eit kutt på rundt ein milliard i kornøkonomien. Styret i Bondelaget gjekk da innom si eiga forhandlingsleiing og gjorde vedtak om å sende resultatet ut til uravrøysting. No kunne Landbruksdepartementet bruke avtaleverket mot ein organisasjon som braut med føresemdar dei sjølve hadde vore med og skrivt under på. Leiinga i Bondelaget vart kalla inn på teppet og fekk gjennomgå både internt og på TV for «urcint spel». Resultatet vart ei disiplinering av leiinga i Bondelaget, men større motstand mot omstillingane på grunnplanet. Denne motstanden vart ikkje mindre av at den politiske leiinga bruka media flittig for å svekje posisjonen for landbruket under oppkjøringane til jordbruksoppjøgja.

Regjeringssjefen var opptatt av og støtta den sterke omlegginga av landbrukspolitikken på 1990-talet. Når Bondelaget inviterte seg sjølv til møte for å påverke Gro Harlem Brundland, fekk dei klar beskjed om at Gunhild Øyangen hadde hennar fulle støtte. Ei samla regjering var uroa over den stadige nedgangen i prisane i EU, og spesielt i nabolanda våre. Utan at det vart sagt i klarretset i første omgang, var hovudmotive for det nye trykket i omstillinga at norske jordbruk over tid skulle bli i stand til å kon-

“Ta rotta på bøndene!”

Norsk landbruk, hvor går vi?
Landbruket slussjon diskutert med utgangspunkt i
Akselheimstrøms innstilling.

Paradoksaler:

Per Olaf Lundteigen, leder Norsk bonde- og andrings-
Hans Hagen, spesialrådgiver i Norges bonde-
Ingrid Nordseth, pers. råd for landbruksministeren
Rolf Jens Brundt, 1. ammannens NHH



Frå slutten av 1980-åra vart harde
politiske konfrontasjonar om land-
brukspolitikken stadig vanlegare.
Her ei innføring til møte 12.9.1991
i studentlaget ved Noregs hær-
skole i Bergen.

kurrere på EU-vilkår. Den første heilage kua som vart slakta, var dei høge prisane på korn og kraftfôr som grunnlag for distriktslandbruket. I tillegg var det nødvendig med ei omlegging frå produksjonstøtte til produktjonsøytrale støtteformer, noe småbrukarlaget hadde ivra for lenge. Dessutan måtte dei institusjonane som hadde vore bereidskane i den nasjonale landbrukspolitikken, leggest ned eller om, slik at dei fekk eit regelverk og ei utføring som samsvara med krava frå dei internasjonale organisasjonane som ein forhandla med. Alt i juni 1988 gjekk det ut rundskriv til dei ulike departementa om at lover og forskrifter så langt råd skulle samordnast med EU sine regelverk.²⁵

Nye institusjonar for nye landbrukspolitiske tider


Gunhild Øyangens stab tok no fatt på ein serie reformer av dei institusjonane som for det meste var bygd opp ved etableringa av det landbrukspolitiske systemet rundt 1930. Sentralt sto kornlova frå 1928 og Statens kornforretning. Kornlova la grunnlaget for reguleringa av kornprisen og den plikta staten hadde til å kjøpe korn. Kornforretninga av 1929 var ein av hjørnesteinane i den sosialdemokratiske landbruksorden, skapt som eit kompromiss mellom Venstre og Arbeidspartiet. For norsk kornproduksjon var kornordninga, med rekna kraftfôrlova frå 1951, ein stor suksess. Disse lovene og institusjonane verka saman med kanaliseringspolitikken til at norsk kornproduksjon vart tredobla frå 1950 til 1990. Men Statens kornforretning var institusjonelt forankra i mangelstiasjonen under to krigar, og dåmen av reguleringsøkonomi og monopol var sterk. Dei nordiske nabolanda våre hadde alt avvikla sine statlege ordningar for kornhandel. Reformatorane såg derfor at denne bereidskane i det gamle systemet måtte bort. Frå slutten av 1980-talet og fram til midten av 1990-talet fekk Statens kornforretning ei rekke nye oppgåver, til dømes forvaltinga av tilskottsmidlane

og velferdstitakka under jordbruksavtalen. Målet med desse omorganiseringane var å skapa LD om til eit meir reindyrka politisk sekretariat, mens dei meir praktiske oppgåvene vart lagde ut til Kornforretninga og Omsetningsrådet. Etter at Noreg hadde inngått den nye avtalen med Verdhandelsorganisasjonen (WTO) i 1994 med omlegging til eit grensevern basert på tollsatsar, vart det vanskeleg å la den same institusjonen både ha import, monopol på korn og administrere statens kjøpeplikt for norsk korn. Staten måtte derfor opne for konkurranse på import. Kornforretninga hadde vore ein svært tung aktør i internasjonal kornhandel, som kjøpte når prisane var låge på verdsmarknaden, og som hadde råd til å sita med store lager. Kornforretninga vart derfor delt mellom forvalting og forretning, og forretningsdelen vart skildt ut som selskapet Statkorn Holding frå 12. desember 1994. Datterselskapet Statkorn har sidan delt seg på nytt, slik at det no er eit havbrukselskap, Cernaq, og eit mølleelskap, Unikorn, i allianse med ein del bygdemøller.²⁷

Ved etableringa av Statkorn Holding i 1995 oppsto det ein politisk strid om verdssettinga av kornlageret. Dette kornet var kjøpt til verdsmarknadspris og kunne seljast vidare til norsk pris. Norske konkurranter, først og fremst Felleskjøpet, var kritiske til den skjulte tilføringa av eigenkapital som ei slik «morgongåve» kunne innebera. På nytt var Gunhild Øyangen og Per Olaf Lundteigen landbrukspolitiske kampanar, slik dei hadde vore i ein tiårsperiode. Men Øyangen fekk det som ho ville ved å støtte seg til høgresida i Stortinget. Frå 1. juli 2001 er også statens kjøpeplikt for norsk korn oppheva. Det vil seia at den særstillinga kornet har hatt med statsgaranterte prisar, er forbi. Korn får no målpris som andre jordbruksprodukt, og etter ei politisk tautrekkning fekk Felleskjøpet ansvaret for marknadsreguleringa, slik Norsk Kjøtt og Tine Norske Meierier har hatt for kjøtt og mjølk.

Det gamle kornsystemet vart etablert for å halde eit statleg beredskapslaget og motverke spekulasjon i kornprisane i tilfelle krise og krig. Det nye systemet er utvikla for å sikre internasjonal handel. I dag skal detaljistikjedene ha daglege tilførsler, og grossistkjedene har ikkje stort lager, det kostar for mykje. Så lenge kornseljarane vil selja, transporten fungerer og landegrensene er opne, vil dette verke bra. Korleis opphevinga av kjøpeplikta vil verke på norsk kornproduksjon og beredskapen i landet, er det enno for tidleg å seia noe sikkert om.

Frå 1. juli 2000 vart forvaltingsdelen av Statens kornforretning lagd inn under Statens landbruksforvalting, saman med Omsetningsrådet. For alle praktiske formål er dette eit landbruksdirektorat. Frå 1996 av vart ein stor porteføljie med saker flytta ut av Landbruksdepartementet til det nye forvaltingsorganet for reindyrke departementet som politisk sekretariat. Det tidlegare Omsetningsrådet fekk også ansvaret for forvaltinga av dei nye marknadsordningane for mjølk av 1997. Nyare meieriselskap som



Mottak av korn ved Mysen kornsilo i 1987. Mysen Kornsilø AL, gikk inn i Felleskjøpet i 1957, og dei som var med i innkjøpslaget rundt Mysen, gikk inn som medlemmar i kornsløen. Ved hundretårsjubileet i 1996 hadde Felleskjøpet Østlandet nær 23 000 medlemmar. Frå 2001 tok Felleskjøpet over ansvaret for marknadsreguleringa av korn frå staten.

Norske Gårdsmeierier og Symnøve Finden hadde kritisert dobbeltrolla til Tine Norske Meierier som på den eine sida var med i Omsetningsrådet som marknadsregulator med offentlege oppgåver, og på den andre sida var konkurrent til dei private meieria. I 1997 vart riksoppgjeret erstatta av marknadsordninga for mjølk og flytta ut av Tine Norske Meierier. Marknadsordninga omfattar kvoteordninga, tilskotta til mjølkeproduksjonen, marknadsreguleringa som blir finansiert av omsetningsavgifta, og prisutjamninga som skal sikre produsentane lik mjølkepris uavhengig av geografisk og bruk av mjølka.

Kornforretningsavdelinga skal forvalte grensevernet for alle jordbruksvarer med tollsatsar og RÅK-ordninga. RÅK-ordninga vart etablert i frihandelsavtalen mellom EFTA og EF av 1973 og skulle sikre like konkurranseforhold for næringsmiddelindustrien i land med ulik marknadstilknyping. RÅK er finansiert over jordbruksavtalen, og det er eit sett med reglar for nedskriving av prisen på norske landbruksråvarer til nærings-

middelindustrien. For å unngå at norske næringsmiddelbedrifter skal bli utkonkurerte av utanlandske bedrifter med billigare råvarer, betaler den norske staten ei framforhandla mellomlegg mellom norsk råvarepris og verdensmarknadspris. RÅK-ordninga gjeld både import og eksport, og ved import skal det skiljast mellom ein industriidell, som skal vera tollfri, og ein råvare- eller jordbruksdel, som kan vera tolllagt.

I mai 1992 la Landbruksdepartementet fram ei stortingsmelding for omorganisering av den ytre landbrukssetaten. Den viktigaste endringa med denne reforma var overføringa av dei lokale landbrukskontora til kommunane og omorganiseringa av fylkeslandbrukskontor til landbruksavdelingar hos Fylkesmannen (FMLA).²⁸ Med denne reforma, frå sektoret til samfunnsstat, som ho vart heitande, miste Landbruksdepartementet instruksjonsretten over landbrukskontora i kommunane. Mange var redde for at dette på lengre sikt ville svekje stillinga for landbruket, særleg i kommunar der næringa ikkje er så viktig. Ein kan også sjå for seg at forvaltinga vil variere frå kommune til kommune. Kommunane har funne svært ulike administrative løysingar for innplassering av landbrukssetaten. Dei er no nøydd til å ta det ansvaret for landbruksforvaltinga som dei før kunne skive over på staten. Kommunane har løyst dette ansvaret på ein svært varierande måte, men landbruksforvaltinga har ikkje kome høgt på dagsorden hos den kommunalpolitiske eliten.²⁹

Ei av dei mest konflikthylte av reformene i denne perioden var nedlegginga av landbrukskomiteen i Stortinget i 1992–93. Opprettinga av den nye næringskomiteen var eit ledd i ei større reform av komitéstrukturen, der det vart lagt vekt på utjamning av arbeidsbelastninga mellom komiteane og reduksjon av innverknaden til sektorinteresser. Det siste var eit klart signal til folk i landbruket om å innordne seg i ein større heilskap, saman med fiskeri-, industri- og andre næringsinteresser. «Storkoalisjonen» i landbrukspolitikken på denne tida mellom Ap, H og FrP støtta komiteetforma, mens KrF, Sp og SV gikk imot. Opprettinga av næringskomiteen vart først og fremst oppfatta som ei symbolsk kursendring overfor landbruket.³⁰ Det skulle bli færre nære institusjonar å spela på og fleire aktørar å konkurrere med, og vegen fram til politisk innverknad skulle bli lengre enn før.

Landbruksdepartementets kontrollinstitusjonar var også under omorganisering i denne perioden. Ei rekke ulike institusjonar hadde hatt tilsyn og kontroll med planheile, såvart, fôrvarer, gjødsel, plantevernsmiddel og tekniske innretningar. I 1984/85 vart det gjort eit første forsøk på å skapa ein større felles institusjon mellom anna med ansvar for fôrvarer, frøkontroll og gjødsel. Men etableringa av Statens tilsynsinstitusjonar i landbruket i 1986 skapte ikkje ein rasjonell orden i dei institusjonelle kaoset som fanst, med til dels uklare ansvarforhold mellom

departement og sjølvstendige institusjonar. Trass i at nye oppgåver vart tilførte, slik som miljøtiltak i landbruket (1987), landbruks tekniske innretningar (1990) og oppgåvene til Landbruksdepartementets giftemynd (1992), var det først med etableringa av Statens landbruksstilsyn frå 1. januar 1994 at det nye direktoratet fall på plass.³¹ Det hadde vore ein lang og vanskeleg prosess der Hallvard Eika som styreleiar og dagleg leiar Oskar Kvåle spela ei viktig rolle.

Som ei vidareføring av dei store institusjonelle reformene planla sen-trumsregjeringa hausten 1998 å flytta Statens landbruksbank ut av Oslo. Dette møtte stor motstand blant dei tilsette, mens fleire viktige landbruksregionar gjorde seg store voner om å få tilført statlege arbeidsplassar. Men initiativet frå landbruksminister Kåre Gjønnes vart stansa av fleirtalet på Stortinget, der Arbeidarpartiet nytta seg av at dei kunne gå til Høgre og Framstegspartiet og skaffe fleirtal for ei anna løysing. I februar 1999 vart det klart at fleirtalet ville instruere statsråd Kåre Gjønnes om å slå saman storparten av Landbruksbanken med SND, noe som vart gjennomført frå 1. januar 2000. Da Statens landbruksforvaltning vart etablert eit halvår seinare, var mange av dei institusjonelle reformene som starta da Øyangen var statsråd, fullførte. Sett bort frå at Landbruksdepartementet til slutt tapte kampen om Landbruksbanken, har reformatorane fått til dei institusjonelle endringane dei ønskte.

Sjølv om Gunhild Øyangen sette i gang den politiske prosessen, er det ikkje vanskeleg å sjå den strategiske kloa til departementsråd Per Harald Grue. Under inntrykk av markandsorienteringa og dei store maskandane ute i Europa vart det utover 1990-talet lagt stor vekt på å skaffe departementet ny legitimitet med ein betre balanse mellom forbrukarorientering og produsentorientering.³² I 1996 vart det i tråd med dette gjennomført ei større omorganisering ved at jordbruksavdelinga og veterinæravdelinga vart slått saman til ei ny avdeling for Matproduksjon og helse. Samtidig vart funksjonane som jorddirektør og veterinærdirektør avskaffa og Statens dyrehelsetilsyn utskilt som eige direktorat. Men trass i denne sterkare forbrukarorienteringa i struktur og prioritering har det vorte relativt fleire med landbruksakademisk utdanning i Landbruksdepartementet, frå 31 prosent i 1960 til 46 prosent i 1996.³³

Reformer i organiseringa av forskning

Selskapet for landbruks næringsmiddelforskning, seinare Matforsk, vart til i 1971, og dette vart starten på ein periode med reformer og omstrukturering av den landbruksvitenskaplege instituttsektoren. Det økonomiske grunnlaget for Matforsk vart lagt ved «Lov om forskningsav-

gift på visse landbruksprodukter».³⁴ Denne finansieringsmåten skulle vise seg å vera svært framtdrøyt, og instituttet nådde i løpet av 1970-talet 100 tilsette.³⁵ Matforsk fekk raskt posisjon som landets leiande forskings- og utviklingsmiljø for næringsmiddel og matkvalitet. Denne viktige utviklingsfasen er i stor grad knytt til den første, dynamiske direktøren, Anton Skulberg (1971-1988) sitt namn.

Matforsk vart modell for ei rekke omorganiseringar for å få til ei betre og meir effektiv landbruksforskning på 1970- og 1980-talet. I 1975 vart staten sine regionale forskingsgardar organiserte i ein institusjon: Statens forskingsstasjonar i landbruk (SFL). Etter kvart vart fleire halvoffentlege forskingsgardar integrerte i SFL. Landbruksdepartementet såg også behovet for å samordne all planteforskning i jord- og skogbruk. Frå 1993 vart det sett i gang ein samordningsprosess av SFL og Statens plantevern, som resulterte i etableringa av Planteforsk med hovudsete på Ås frå 1. januar 1995.³⁶ Planteforsk er med sine 375 tilsette det største oppdragsinstituttet i landbrukssektoren, og ein stor del arbeider ved forskingsgardane rundt i landet.

Den eldste av dei reformerte forskingsinstitusjonane går attende til Det norske myrselskap av 1902. Dette var ein ideell institusjon på linje med Det Norske Hageselskap (1884) og Det norske Skogselskap (1898), og formålet låg i namnet: dyrking av myr. Myrselskapet hadde mange dei same

Forskingsteknikar Cecilie Yri har deltatt i utviklinga av økologisk kraftfôr, som ho gir til desse mjølkekyrne ved Noregs landbruks høyskole på Ås. Høgskolen og instituttsektoren på Ås viste lenge ei lunken og auventuante haldning til økologisk landbruk, men dette har endra seg på slutten av 1990-talet.

